

Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: onsdag 29. april 2020 11:32
Til: 'Merethe Svarstad'
Emne: Gløymt naustetomt ved søknad om frådeling av bustadtomt med etablert gardstum- gbnr 126/3
Vedlegg: Løyve til frådeling av bustadtomt med etablert gardstun - gbnr 126,3 Hope Alver.pdf; Situasjonsplan - Vedlegg D-1 (31790).pdf; Skjerm bilde uteglemt naust.pdf

Hei.

Vi viser til dykkar e-post av 22.04.2020.

Det vert opplyst at ein har gløymt å inkludere naustetomta ved søknad om frådeling av bustadtomt med etablert gardstun- gbnr 126/3. Saka er no til oppmåling.

Det er ikkje gjeve dispensasjon for naustetomta ved frådelinga. Det trengs fleire dispensasjonar enn det som alt er gitt. Det er naudsynt med dispensasjon for frådeling av naustetomta.

Slik det er opplyst, så er naustetomta ein del av frådeling av bustadtomt med etablert gardstun, men ved ein inkurie er naustetomta utelatt. Ved søknad, vert det vist til vurderinga som vart gjort ved frådelingsvedtaket ved dispensasjonsvurdering for LNF. I tillegg kjem byggjeforbodet mot sjø. Ved søknad må naustetomta målsettast og areal oppgis, private retter må sikrast og eventuelt andre forhold som gjer seg gjeldande.

Søknad om dispensasjon og søknad om frådeling, må behandlast av APM (utval for areal, plan og miljø). I utgangspunktet rekk vi ikkje skrivefristen den 22.05.2020, men eg kan foreslå følgjande løysning. Dersom søknad vert sendt inn innan den 06.05.2020, oversendt til uttale innan 07.05.2020 med 4 vekers frist innan 04.06.2020, så kan saka skrivast opp og eventuell uttale ettersendast APM med siste møte før sumaren den 10.06.2020.

Det vert opp til tiltakshavar om han ønskjer å måle opp det som er gitt lov til alt eller om han vil vente. Dersom han vil vente, må avdeling for Kart og oppmåling kontaktast for utsetting.

Kommunen ber om at søknad om dispensasjon og søknad om frådeling vert sendt inn samla innan 06.05.2020.

Tone Furustøl | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 01

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Fra: Merethe Svarstad [<mailto:merethe@arkoconsult.no>]

Sendt: onsdag 22. april 2020 15:18

Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl

Emne: Saksnummer 20/876-20/17378

Hei,

Det har dessverre blitt oppdaget litt sent at det er et naust på eiendommen som skal tilhøre eiendommen med bygningsmassen som blir fradelt.

Det er et lite areal nede i Litlevika (se vedlegg utklipp fra matrikkelkart).

Er det en lett løsning for å få inkludert naustet til den fradelte eiendommen? Eiendommen er ikke oppmålt enda.

Kan vi for eksempel sende inn endringssøknad? Det vil vel da bli dispensasjon fra LNF-formål og avstand til sjø? Eller kan vi inkludere i alle fall LNF i dispensasjonen som vi sendte inn i opprinnelig sak?

Det hadde vært veldig kjekt om vi kunne ha funnet en enkel løsning på dette.

På forhånd tusen takk for hjelpen!

Ha en fin dag!

Med vennlig hilsen/Best Regards

Merethe Svarstad
Jurist Byggesak

Direkte: +47 99008373 | Felles: +47 56390003

E-post: merethe@arkoconsult.no

[ARKITEKT](#) – [BYGGESØKNAD](#) – [BETONGARBEID](#) - [TØMRERARBEID](#)



Hovedkontor – Valestrandsfossen:
Arkoconsult AS

Postboks 103, HTB-bygget

5291 Valestrandsfossen | NORWAY | www.arkoconsult.no